
FORSKRIFT OM GEBYR FOR AVFALL FRÅ HUSHALD I KOMMUNANE ASKVOLL, FJALER, HYLLESTAD OG SUNNFJORD

2026



Med heimel i «Forskrift i medhald av Lov av 13. mars 1981 nr 6 om vern mot forurensninger og om avfall» (Ureiningslova) § 26, 30 og 34, 83 har kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord vedteke denne forskrifta.

Tabell 1: Vedtaksdato og saksnummer for vedtak av gebyrforskrift

	Askvoll	Fjaler	Hyllestad	Sunnfjord
Vedtaksdato	Vert handsama Q1 2026	11.12.2025	16.12.2025	18.12.2025
Saksnr		087/25	25/078	108/25

§ 1. Bustadeigedom

1.1. Gebyr for dunkrenovasjon

Ordinært gebyr er rekna som

- 140 liter restavfall
- 140 liter matavfall
- 140 liter papp/papir
- 140 liter glas- og metallemballasje
- 1 rull med plastsekkar

Ordinært gebyr består av ein fast del og ein variabel del, jf. tabell 2.

Fast del er lik for alle bueiningar. Variabel del varierer etter tal tømningar og storleik på dunk for restavfall.

Tabell 2: Gebyroversikt ordinær dunkrenovasjon bustadar

Vare	Nettobeløp (eks. mva)	Bruttobeløp (inkl. mva)	Eining
140 l Restavfall - Pris pr. tømning	kr 96	kr 120	pr. tømning
240 l Restavfall - Pris pr. tømning	kr 168	kr 210	pr. tømning
Grunnpris - Hushald	kr 3 360	kr 4 200	stk

1.2. Gebyr for part i burettslag, eigarseksjon i sameige og andre abonnentar som har felles løysingar

Part i burettslag, eigarseksjon i sameige og andre abonnentar som har felles løysingar betalar fastpris, jf. Tabell 3.

Tabell 3: Gebyroversikt for abonnentar som er part i burettslag, eigarseksjon i sameige og andre abonnentar som har felles løysingar

Vare	Nettobeløp (eks. mva)	Bruttobeløp (inkl. mva)	Eining
Fastpris - Hushald	kr 4704	kr 5 880	stk

1.3. Heimekompostering

Som alternativ til dunk for matavfall kan heimekompostering godkjennast etter søknad.

SUM gjev tilskot på 30% av kjøpesum mot framlagt dokumentasjon inntil kr 2000. Produktet må vere betalt før tilskotssøknad er sendt inn. Framlagt dokumentasjon kan ikkje vere eldre enn 6 månader frå søknadsdato.

Godkjend søknad gjev ein årleg rabatt som går fram av Tabell 4.

Tabell 4: Rabatt ved heimekompostering				
Vare	Nettobeløp (eksl. mva)		Bruttobeløp (inkl. mva)	
Rabatt ved heimekompostering	-kr	640	-kr	800
				stk

1.4. Feil eller manglar

Ved manglande anlegg eller feil på anlegg som hindrar registrering av tømning eller bruk, vert det nytta fast pris, jf. tabell 3.

Fast pris slår inn når registrering har vore ute av funksjon i to veker eller meir. Fastpris vert rekna for kvar påbyrja 2-vekersperiode, med pris i høve til tal veker i året.

1.5. Feilsortering

Ved feilsortering av avfall i renovasjonsordninga, vert abonnent belasta med eit overtredingsgebyr som går fram av Tabell 5.

Tabell 5: Gebyr for feilsortering av avfall i renovasjonsordninga				
Vare	Nettobeløp (eksl. mva)		Bruttobeløp (inkl. mva)	
Feilsortering	kr	400	kr	500
				stk

Det vil bli ilagt overtredingsgebyr for kvar tømning som inneber feilsortering. Ved første overtreding vil abonnenten få eit varsel utan gebyr.

Abonnenten får melding frå SUM når feilsortering er registrert.

1.6. Inn- og utlevering av dunkar ved endring

Gebyr ved inn- og utlevering av dunkar ved endring av abonnement går fram av Tabell 6.

Tabell 6: Gebyr for inn- og utlevering av dunk v/ endring av abonnement

Vare	Nettobeløp (eksl. mva)		Bruttobeløp (inkl. mva)		Eining
Inn- og utlevering av dunk v/ endring	kr	360	kr	450	stk

Det er ikkje gebyr for inn- og utlevering av dunkar ved start og avslutting av abonnement, samt ved innvilging av fritak.

§ 2. Fritidseigedom

Fritidseigedomar leverer avfall til oppsamlingsplass fastsett av SUM.

Etter søknad kan fritidseigedom få utlevert restavfallsbeholdar eller delta i ordinær renovasjonsordning.

Etter søknad kan fritidseigedom få reduksjon i gebyr i tråd med Tabell 7.

Tabell 7: Gebyroversikt renovasjon for fritidseigedomar

Vare	Nettobeløp (eksl. mva)		Bruttobeløp (inkl. mva)		Eining
Hytte u/dunk	kr	2 156	kr	2 695	stk
Hytte med dunk for restavfall	kr	3 234	kr	4 043	stk
Hytte med ordinær renovasjonsordning	kr	3 881	kr	4 851	stk
Hytte under 30m2	kr	1 078	kr	1 348	stk
Hytte u/ vatn og straum	kr	1 078	kr	1 348	stk

§ 3. Gebyr for levering av avfall på gjenvinningsstasjon

Avfall frå hushald og fritidseigedom kan leverast mot vederlag til SUM sine gjenvinningsstasjonar. Gebyret vert fastsett av styret i SUM.

§ 4. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1.1.2026.

Denne forskrifta erstattar «Forskrift om gebyr for avfall frå hushald 2025 i kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Sunnfjord» vedteke av kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord.